

# Bok på 1-2-3

## Kampen

Av Geir Egil Eiksund

**Tverrfagleg undervisningsopplegg for 5.–7. trinnet i norsk, samfunnsfag, kunst og handverk og kroppsøving. Opplegget er aktuelt innanfor verdigrunnlaget i opplæringa og FN sine berekraftsmål.**


### Tid: 90 minutt

I Kampen møter vi Andreas som er 11 år. Handlinga går føre seg i ei lita bygd, og det er sommarferie. Andreas gler seg til å spele fotball saman med besteveninna Sara og nokre andre frå klassa. Plutseleg dukkar det opp ein ny gut som heiter Viljar. Andreas kjenner at han blir rar og varm når Viljar er i nærleiken. Samstundes får Andreas fleire hjartemeldingar frå Sara. Gjennom nokre utfordrande sommardagar må Andreas bli kjend med seg sjølv på nytt. Som lesarar vert vi inviterte med inn i tankane til Andreas.

Kampen kan passe fint til høgtlesing i klasserommet til dømes på 6. og 7. trinn. Boka tek opp tema som homofili, kjærleik og vennskap og inneheld gode skildringar av korleis det kan opplevast for ein 11-åring når livet er utfordrande.

### Utstyr og førebuing

- Finne fram boka.
- Skrive- og teiknesaker: Skrivebok, teikneark, ein god blyant, fargestiftar og viskelér til kvar elev. Kan bruke svart tusjpenn/tusj for å tusje over blyantstrekane til slutt
- Rammevilkår for fysiske aktivitetsoppgåver i kroppsøving og norsk



### Formål etter læreplanen frå 2020

#### Norsk

- Utforske og reflektere over samanhengen mellom språk og identitet
- Lese skjønnlitteratur og fagtekstar på nynorsk, og samtale om formål, form og innhald. Skrive på nynorsk.
- Bruke fagspråk og kunnskap om ordklasser og setningsoppbygging i samtale om eigne og andre sine tekstar.
- Lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtaler.

#### Samfunnsfag


- Utforske ulike sider ved mangfold i Noreg og reflektere over menneska sine behov for å vere seg sjølv og for å høyre til i fellesskap
- Drøfte kva likeverd og likestilling betyr for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering

# 1 Før lesing (15 minutt)

Kampen er ein roman. Sjå på framsida av boka (bokomslaget). Legg merke til tittelen på boka.

Samtale i klassen:

- Korleis vil de beskrive illustrasjonen? Kva detaljar legg de merke til?
- Tittelen på boka er *Kampen*. Kva tenkjer de er samanhengen mellom tittelen og illustrasjonsbildet?
- På baksida står det: «Det har nettopp blitt sommarferie, og 11 år gamle Andreas gler seg til å spele fotball med Sara og dei andre frå klassen kvar einaste dag. Men denne sommaren flyttar det ein ny gut til bygda, ein gut med United-kaps og eit veldig fint smil. Viljar heiter han, og Andreas sitt hjarte slår raskare når dei er saman. Samstundes driv Sara og sender hjartemeldingar heile tida, og Andreas veit ikkje kva han skal svare tilbake.»  
Har dette utdraget noko å seie for korleis de forstår framside og tittel?
- Boka er skriven av journalisten, læraren og forfattaren Geir Egil Eiksund.
  - Kva veit de om sjangeren *roman*? Ein roman er ei lang, oppdikta forteljing. Romanar høyrer til skjønnlitteraturen og er ei prosaforteljing. Prosa er språk slik det vert snakka og skrive (ubunden stil), utan rytme og rim. Prosa uttrykkjer kvardagsutfordringar og rutinar.
  - Kva forventingar har de til romansjangeren?



## Formål

(framhald frå første side)

## Kunst og handverk

- Utforske og reflektere over korleis kjensler og meininger vert viste i kunst, og bruke symbolikk og farge til å uttrykke kjensler og meininger i eigne arbeid

## Kroppsøving

- Utforske leik og spel saman med andre i ulike rørsleaktivitetar

# 2 Lesing (15 minutt)

Les side 16 til 24 høgt for klassen.

### **3 Etter lesinga (30 minutt)**

Læraren fortel at Kampen handlar om å kunne vere fri og open om kven ein er forelska i / liker / er glad i. Jenter kan vere glade i jenter, gutar kan vere glade i guitar, og jenter og gutar kan vere glade i kvarandre. LHBTI er ei forkorting for lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønnspersonar.

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan som verda har for å utrydde fattigdom, fremje likeverd og stoppe klimaendringar innan 2030. Sjå særleg på berekraftsmåla god helse og livskvalitet, likestilling mellom kjønna, mindre ulikskap og fred, rettferd og velfungerande institusjonar.

<https://www.fn.no/nyheter/berekraftsmaala-paa-nynorsk>

Undervis tilpassa til målgruppa om kva menneskerettar er.

<https://www.fn.no/content/download/29494/777220?version=1>

Snakk saman om kvifor fridom til å elske kven ein vil, er menneskerettar og ein del av FN sine berekraftsmål. Korleis kan vi bidra til dette i vår eigen kvardag? Å bruke til dømes «homo» som skjellsord eller nedsetjande ord – kan det gjere det vanskelegare for folk å vere den dei er?



### **4 Aktivitet (30 minutt +)**

De kan gjere alle aktivitetane eller velje:

**A** I læringspar: Leit etter setningar i utdraget som skildrar desse interessene og personane, og skriv dei ned: Fotballinteresse, musikkinteresse, Andreas, Viljar.

I gruppe: Kva setningar har de funne fram til? Er dei like eller ulike?

Snakk saman om og forklar ordklassane adverb og adjektiv.

Kva adverb tenkjer de kan skildre fotballinteresse og musikkinteresse?

Kva adjektiv tenkjer de kan skildre Andreas og Viljar?

## **4** Aktivitet (framhald)

**B** La deg inspirere av boka, dei aktuelle punkta i FN sine berekraftsmål og/eller menneskerettane. Lag ei fargerik og optimistisk teikning med regnbogen øvst. Teikninga kan innehalde ein parole som er skiven på nynorsk. Ein parole er eit slagord. Det er ei slagkraftig og tydeleg setning eller ei formulering som uttrykkjer eit krav eller ei haldning. Gjer dykk flid og still ut i klasserommet.

Til inspirasjon eller bruk: eit sitat frå menneskerettsforkjemparen Desmond Tutu:

«Gjer det vesle bra der du er; det er dei små bitane sett saman som overveldar verda»

«Ulikskap er ikkje meint for å skilje og gjere framand. Vi er ulike nettopp for å innsjå at vi treng kvarandre»

Oppgåva kan også gjerast ved bruk av digitale verktøy til å skape visuelle uttrykk og produkt til presentasjon.

**C** Fotball og nynorskopplæring: Ta utgangspunkt i 30-leiken og la gruppene ta fem straffespark og fem nynorskoppgåver. Hugs å tilpasse til målgruppa og rammene du har.

<https://nynorsksenteret.no/uploads/documents/3oleiken.pdf>

Springediktat: <https://nynorsksenteret.no/barneskule/sidemal-5-7-trinn/springediktat>

### **Boktips**

Nathalie Simonsson: *Verdas viktigaste bok*

Oskar Kroon: *Vente på vind*

Tone E. Solheim: *Svartrasta syng om natta*

Atle Hansen: *Alexander er forelska i Live*

Linda Klakken: *Dumme, dumme hjarte*